



MØTEPROTOKOLL

Utval Plan- og forvaltningsutvalet
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 08.04.2021

Start kl.: 09.00
Slutt kl.: 12.15

Til stades på møtet

Medl.: Grethe Kristin Leirdal, Olav Einan, Charlotte Alme Bringe, Gunn Beate Thorsnes Lefdal, Kåre Hønsi, Bård Flattun Lilleeng.

Forfall: Ole Martin Bakken

Varamedl.: Jørgen Lomheim Tang

Frå adm. (evt. andre): Plansjef Knut Vidar Svanheld i sak 14 -19 og del av 27.
Fagleiar Magnus Snøtun i sak 20 og 21.
Kultursjef Erling Bjørnetun i sak 22 – 26 og 28.
Rådmann Jarle Skartun.

Medlemene hadde ikkje merknad til innkalling og sakliste.

SAKLISTE

Saksnr.	Tittel
13/21	21/651-1 Godkjenning av møteprotokoll
14/21	20/860-36 Detaljreguleringsplan Bruflat - Grandmo, slutthandsaming
15/21	19/621-9 Reguleringsplan Lundshaugen 2. (Utviding av Lundshaugen). PlanId 2020010. Avgrensing av reguleringsområdet
16/21	20/3912-6 Planendring detaljreguleringsplan Botn
17/21	21/160-9 Etablering av steinuttak gbnr. 26/1 - vurdering av planinitiativ
18/21	21/862-1 Retningslinjer for handsaming av dispensasjonssøknader i LNFR - område
19/21	20/448-17 Klagehandsaming - avslag på søknad om deling av eigedom - Elda ved Veitastrond - gbnr. 134/5

- 20/21 21/511-2
Søknad om bomveg Leirdalen grunneigarlag
- 21/21 21/624-2
Revisjon av kommunal strategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL 2021- 2024
- 22/21 21/426-11
Tilskot til kulturføremål 2021 - kulturminnevern.
- 23/21 21/588-5
Tilskot til kulturføremål 2021 - kulturvern
- 24/21 21/47-8
Tilskot til kulturføremål 2021 - friluftslivstiltak
- 25/21 21/516-4
Tilskot til kulturføremål 2021 - lokale arrangement/underskotsgaranti/instrumentkjøp
- 26/21 21/612-2
Tilskot til kulturføremål - kulturstipend for ungdom 2021
- 27/21 21/652-1
Referatsaker, plan- og forvaltningsutvalet 08.04.21
- 28/21 21/323-8
Behandling av klage på delvis innvilga løyve til motorferdsel i utmark

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Møteprotokoll er sendt til:

Medlemene, varamedlemer, rådmann, revisor, kontrollutvalet, biblioteket i kommunen, lokalavisa, NRK-Førde og Luster radio.

13/21

Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming:

Det var ikkje merknad til møteprotokollen.

VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet den 28.01.21 vert godkjent.

Bård Flattun Lilleeng og Jørgen Lomheim Tang vert valde til å skrive under på protokollen.

14/21

Detaljreguleringsplan Bruflat - Grandmo, slutthandsaming

Handsaming:

Utvalet drøfta detaljeringsgrad i reguleringsføresegnene.

Bård Flattun fremja: Pkt 7.1.1.c : *Alle bygg i området skal ha farger i brune eller grå tonar. Vindskier og glas skal ha same farge som bygget, eventuelt kvit farge.* - vert teke ut av reguleringsføresegnene.

Framlegget fekk 5 røyster (Sp og H), 2 røysta mot (Ap)

Rådmannen si tilråding, med endring vedteke i møte, vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova, godkjenner Luster kommunestyre reguleringsplan for Bruflat – Grandmo med føresegner datert 13.01.2021 etter at følgjande endringar er gjort:

1. På sjølve plankartet skal gang- og sykkelveg SGS1 og SGS3 få ei tettare kopling, utan at den kan førast heilt saman.
 2. På plankartet skal det visast siktsone/ siktline til alle kryss.
 3. I føresegn 5.1.2 skal det inn eit pkt c: «Det skal utarbeidast ei geologisk vurdering av stabilitet i grunn.»
 4. Det skal inn ei føresegn som oppmodar om at eksisterande trær på tomt skal visast på situasjonsplan ved byggeløyve, og at desse skal ivaretakast dersom muleg innanfor regulert bustadområde.
 5. Reguleringsføresegnene pkt 7.1.1.c vert teke ut or planen.
-

15/21

Reguleringsplan Lundshaugen 2. (Utviding av Lundshaugen). PlanId 2020010. Avgrensing av reguleringsområdet

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Plan- og forvaltningsutvalet vedtek at det blir starta reguleringsarbeid for eit område ved Lundshaugen, nord for Ekrevegen, med avgrensing om lag som vist i kart i saksutgreiinga.

Vedtaket er gjort i samsvar med reglane i § 12-1, jf. § 12-8, i plan- og bygningslova.

16/21

Planendring detaljreguleringsplan Botn

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningsloven § 12-14 2. og 3. ledd vedtek plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune endring av reguleringsplan Botn i tråd med saksframlegget. Dette inneber følgjande:

1. Tursti GT2 vert teke ut av planen.
 2. Tomtene på BFS og BFS4 vert forlenga ut til der GT2 er i gjeldande plan.
 3. BUN 2 vert drege inntil BUN 3 med ein korridor på minimum 5 meter i mellom.
 4. § 6.3 b) vert endra til «Tursti langs vatnet skal vere ferdig etablert før 50% av einestadane i planen har fått bruksløyve, og seinast 01.01.2024». Denne paragrafen må då takast vekk frå overskrifta *Før bygg vert teke i bruk*.
-

17/21

Etablering av steinuttak gbnr. 26/1 - vurdering av planinitiativ

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune tek planinitiativ frå Elin og Johannes Hauge i form av rapporten til Skred AS til etterretning, og rår rådmannen til å gå vidare med oppstartsmøte og igangsetjing av planprosess i tråd med rapporten.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningsloven § 12-8.

18/21

Retningslinjer for handsaming av dispensasjonssøknader i LNFR - område

Handsaming:

Rådmannen si tilråding:

Plan- og forvaltningsutvalet vedtek følgjande nye underpunktar til punkt 12.3 Retningslinjer for handsaming av dispensasjonssøknader i LNFR-område, i kommuneplanens arealdel:

- o) *Ved frådeling til bustadføremål - skal det stilles vilkår om at tomta skal ha maks utnytting på 30 %-BYA og maksimalt 160 m²-BYA for bustadhus i tillegg til garasje på maks 50 m²-BYA. Parkeringsareal inngår i utnyttingsgraden. Det skal minimum vere 2 parkeringsplassar pr. bueining.*
Gesimshøgde skal ikkje overstige 7 meter over gjennomsnittleg planert terreng, og mønehøgde skal ikkje overstige 8,5 meter over gjennomsnittleg planert terreng. For garasje skal mønehøgde over gjennomsnittleg planert terreng maksimalt vere 5,20. Takvinkel skal vere mellom 22 og 34 grader, alternativ maks 5 grader.
Retningslinjene kan også nyttast i handsaming av søknad om tiltak på eksisterande tomtar i LNFR-område som ikkje er tilknytt gardsdrift.
- p) *Ved frådeling til fritidsføremål - skal gjeldande føresegn i punkt 11.2.3 Eksisterande fritidsbustader og naust, stilles som vilkår for frådeling og ved utbygging av tomta.*
Retningslinjene kan også nyttast i handsaming av søknad om tiltak på bygning registrert som fritidsbustad i matrikkelen, på tomter i LNFR-område som ikkje er tilknytt gardsdrift.

Utvalet fremja: Saka vert utsett.

Framlegget sett fram i møte vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Saka vert utsett.

19/21

Klagehandsaming - avslag på søknad om deling av eigedom - Elda ved Veitastrond - gbnr. 134/5

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Plan- og forvaltningsutvalet tek ikkje klagen frå Bjørn Molland til følgje. Saka blir sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i forvaltningslova § 33 andre ledd, jf. fjerde ledd.

20/21

Søknad om bomveg Leirdalen grunneigarlag

Handsaming:

Grethe Kristin Leirdal gjekk frå som ugild, -grunneigarinteressar.
Nestleiar Gunn Beate Thorsnes Lefdal leia møtet under handsaming av saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Med heimel i §56 i Veglova får Leirdalen grunneigarlag løyve til å krevje inn bompengar for motorisert ferdsel på den private vegen som går frå anleggsvegen gjennom dalen opp til Liabrotet.

Betalinga for å passere bommen skal vere kr. 50 for dagskort (per tur) og kr. 500 for årskort.

Inntekta skal vere til vedlikehald av vegen.

Offentlege tenestepersonar i teneste skal kunne nytte vegen vederlagsfritt.

21/21

Revisjon av kommunal strategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL 2021- 2024

Handsaming:

Ordninga er ei fornying og utvikling av eksisterande strategi. Ordninga og ny prioritering vil og vere ei positiv tilnærming for landbruket knytt til aktuelle utfordringar med avrenning, biologisk mangfald og klima.

Utvalet drøfta strategien og fremja slike endringar/tilpassingar:

-Kulepunkt 3 i prioritet 3 vert stroken.

-Både eigar og ev leigetakar bør kunne søke på tiltak på same gbnr.

-Same søkar kan få vurdert opp til 2 ulike prosjekt blant dei prioriterte gitt der er ledige budsjettmidlar.

Endringane vart samrøystes vedtekne.

Rådmannen si tilråding, med framlegg vedteke i møtet, vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kommunal strategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL 2021- 2024 vert godkjent som det går fram av vedlegget med endringar vedtekne i møtet:

-Kulepunkt 3 i prioritet 3 vert stroken.

-Både eigar og ev leigetakar bør kunne søke på tiltak på same gbnr.

-Same søkar kan få vurdert opp til 2 ulike prosjekt blant dei prioriterte gitt der er ledige budsjettmidlar.

22/21

Tilskot til kulturføremål 2021 - kulturminnevern.

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Luster kommune vedtek at følgjande vert innvilga tilskot til kulturminnevern for 2021:

- Luster sogelag får eit tilsegn til til å restaurere « nyeløa » på husmannsplassen Hestaskårane i Luster på kr 45 000.
- Stiftinga Ormelid får eit tilsegn til restaurering av uteløe på Nedstestølen, Ormelid på kr 40 000.
- Hafslo sogelag får eit tilsegn til piperehabilitering på husmannsplassen Fluga, Hafslo på kr 14 000.

Løyvingane vert utbetalt mot framlagt rapport med rekneskap.

Budsjettpost 14709 108 36501 «tilskot til kulturminnevern»

Rapporteringsfrist 1. mars 2022. Tilskot som det ikkje er gjort krav på innan fristen, eller søkt om utsett rapporteringsfrist for, blir inntrekt etter den fristen.

Om det kjem inn fleire søknader i 2021, blir desse handsama etter delegert fullmakt av rådmannen.

23/21

Tilskot til kulturføremål 2021 - kulturvern

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Luster kommune vedtek å løyve tilskot til kulturvern til:

Hafslo sogelag,

-bygdebok kr 15 000

-drift av husmannsplassen Fluga kr 8 000

Stiftinga Wittgenstein,

-drift av Wittgensteinhuset kr 8 000

Offerdal Film, avslag. Offerdal Film fekk innvilga kr 30 000 i 2020 til «Dokumentasjonsprosjekt i Luster» no omdøyppt til «Formidling av historia til sørsida.» Prosjektet er ikkje ferdigfinansiert. Det er ikkje komme rapport som viser korleis løyvinga for 2020 er disponert.

Løyvingane, sum kr 31 000, vert løyvt frå budsjettpost 14709 108 38502.

Rapporteringsfrist er 1. mars 2022. Tilskot som det ikkje er gjort krav på innan fristen, eller søkt om utsett rapporteringsfrist for, blir inntrekt.

Eventuelle søknader som kjem inn seinare i 2021, blir handsama av rådmannen, etter delegert fullmakt.

24/21

Tilskot til kulturføremål 2021 - friluftslivstiltak

Handsaming:

Utvalet stilte spørsmål ved utbetaling av tilskot og vilkår for utbetaling til andre enn vegeigar.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Luster kommune løyver tilskot til friluftstiltak slik:

Sogn og Fj. Turlag, turprogram	kr 5 000
IL Fanaråk, løypekøyning i Tutagrøområdet	kr 4 000
Jostedal bygdelag, brøyting veg til Vanndalen	kr 20 000
Jostedal nutleikarlag, digital registreringsløyning for stølsturar	kr 16 000
Veitastrond IL, løypekøyning	kr 12 000
Gaupne bygdalag, tilskot til kjøp av reiskaper til stirydding	kr 4 000

Sognefjellet sommarskiser, avslag. Søkar har ikkje sendt inn elektronisk søknadsskjema innan søknadsfristen og det manglar finansieringsplan.

Budsjettpost 14710 108 38002 (aktivitetstilskot)

Rapporteringsfrist er 1. mars 2022. Tilskot som det ikkje er gjort krav på innan fristen, eller søkt om utsett rapporteringsfrist for, blir inntrekt.

Eventuelle søknader som kjem inn seinare i 2021, blir handsama av rådmannen, etter delegert fullmakt.

25/21

Tilskot til kulturføremål 2021 - lokale arrangement/underskotsgaranti/instrumentkjøp

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Luster kommune vedtek at desse søkjarane får tilsegn om underskotsgaranti:

Folkeakademiet Luster: Jazzkonsert på Breheimsenteret	kr 16 500
Førjulsconcert i ei av kyrkjene i Luster	kr 30 000

Sogn og Fjordane skogselskap:

Stubbekonsert med aktivitetar for barn og unge kr 7 500

Bergtattfestivalen as: Bergtattfestivalen 2021:-Avslag. Søkar har ikkje sendt inn elektronisk søknadsskjema innan søknadsfristen og det manglar finansieringsplan.

Luster kommune vedtek at desse søkjarane får tilskot til instrumentkjøp:

Hafslo skule- og ungdomskorps: kr 2 384

Solvorn bygdalag, rockeverkstad for barn: kr 7 490

Rapporteringsfrist er 1. mars 2022. Tilskot som det ikkje er gjort krav på innan fristen, eller søkt om utsett rapporteringsfrist for, blir trekt inn.

Utgiftsførast frå budsjettpost 14726 108 38505 (kultursamarbeid) og 14710 108 23101 (aktivitetstilskot).

Eventuelle søknader som kjem inn seinare i 2021, blir handsama av rådmannen, etter delegert fullmakt.

26/21

Tilskot til kulturføremål - kulturstipend for ungdom 2021

Handsaming:

Rådmannen si tilråding:

Luster kommune vedtek å innvilge kulturstipend til Andreas Kalstad, på kr 3 000 for 2021.

Utvalet fremja og vedtok samrøystes: Stipendet vert auka til kr 6.000

VEDTAK:

Luster kommune vedtek å innvilge kulturstipend til Andreas Kalstad, på **kr 6 000** for 2021.

Stipendet vert finansiert over budsjettpost 14727 108 38504

27/21

Referatsaker, plan- og forvaltningsutvalet 08.04.21

Handsaming:

Skriftleg orientering:

Eksterne:

- Sivilombodsmannen 28.01.21: Ombodsmannen sine rapportar om dispensasjonar i strandsona. *-referert.*

Interne:

- Rapport delegerte vedtak. *-referert.*
- Årsrapport 2020. – *utlagt på kommunen si heimeside, vert lagt fram for politisk handsaming i mai, etter at revisjonsmeldinga og handsaming i kontrollutvalet er gjennomført.*

Munnleg Orientering:

Rådmann:

- Førebuing av planarbeid Gaupnegrandane. – rådmannen orienterte om innspel til å starta opp planarbeid,
- Prosjekt for idrett- og friluftsliv. Orientering om omsøkte og godkjente prosjekt.
- Magnus Snøtun sluttar 01.05 og Olav Øyrehagen overtek 01.08.

Open Post / Innspel / Spørsmål:

- Innkøyringa til Luster oppvekstsenter, overvassproblem – oppretting etter anleggsarbeid i 2020 – *Rådmann skal «skunda» på saka.*
- Engjadalselva. Sjekk av utslepp, rydding av røyr og rask, -spesielt i området frå Tandla til bruaFV55. Oppmoding om at området vert synfart og at tiltak vert prioritert.
- Pistolskytebane på Hillestadstølen. Oppmoding om å få ei nærare orientering om planane, arealavklaringar og status i høve søknad. Førebels orientering i møte vert følgt opp med kontakt til Sogndal pistolklubb som er registrert som søker. Det skal leggjast fram sak for utvalet omkring tiltaket pistolskytebane på Hillestadstølen. (protokoll er korrigert i samband med godkjenning).

VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

28/21

Behandling av klage på delvis innvilga løyve til motorferdsel i utmark

Handsaming:

Utvalet legg til grunn at ledig kapasitet/ utnytting av kapasiteten, ved køyring av ved, kan nyttast til og å transportere byggematerial/verktøy og varer. Utvalet gir løyve til inntil 8 turar for transport av ved til stølshuset.

Rådmannen si tilråding, med utviding av tal turar frå 4 til 8 til stølshuset, vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Køyring av ved på Mollandsmarki og til parkeringsplass Brunestegen:

Med heimel i motorferdselsforskrifta § 5 bokstav e vert klaga til Audun Torvaldsen teken til fylgje og Torvaldsen får løyve til transport av ved på Vetlebaten, og transport av ved frå vedteig ved Rysete til parkeringsplass ved Brunen med fylgjande vilkår:

- *Bruk av motorisert køyrety skal i all hovudsak fylgje teikna trase.*
- *Motorisert ferdseil skal ikkje skje på søndagar og helgedagar.*
- *Løyvet gjeld frå og med 8 april til 31 april 2021.*
- *Det skal visast omsyn til turgåarar og vilt. Det skal ikkje køyrast når snøtilhøva er slik at det kan verta varige spor i terrenget.*
- *Tal turar er ikkje avgrensa*
- *Dette brevet skal medbringast som dokumentasjon i høve kontroll ved fjelloppsyn, SNO eller politi.*

Køyring av ved frå skogteig 1 og 2 Brunestegen – Rysete til stølshus:

Med heimel i motorferdselsforskrifta § 6 vert klaga til Audun Torvaldsen teken til fylgje og Torvaldsen får løyve til transport av ved frå skogteig 1 og 2 ved mellom parkeringsplass ved Brunen og Rysete til stølshus med fylgjande vilkår:

- *Bruk av motorisert køyrety skal i all hovudsak fylgje teikna trase.*
- *Tal turar til stølshus er **avgrensa til 8.***

- *Motorisert ferdsel skal ikkje skje på søndagar og helgedagar.*
- *Løyvet gjeld frå og med 8 april til 31 april 2021.*
- *Det skal visast omsyn til turgåarar og vilt. Det skal ikkje køyrast når snøtilhøva er slik at det kan verta varige spor i terrenget.*
- *Dette brevet skal medbringast som dokumentasjon i høve kontroll ved fjelloppsyn, SNO eller politi.*

Køyring av byggematerial/verktøy og varer til stølshus:

Med heimel i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 5 c og § 6, vert ikkje klaga til Audun Torvaldsen teken til fylgje.

Dette er eit nytt einskildvedtak etter forvaltningsloven og kan påklagast etter gjeldande lovverk.

Saka vert sendt over til statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.
